

BITDAL BEITALAG
c/o Svein Olav Krøntveit Totakvegen 373
3864 RAULAND

Dato: 22.12.2025
Vår referanse: 2025/8971-2
Sakshandsamar: Kjell Christenson

Delegert vedtak
Kommunalsjef kultur, næring og fritid - nr. 304/25

Svar på dispensasjon §6 - søknad om snøskuterløyve

Vedtak

Vinje kommune gjev med dette Bitdal sankelag løyve til bruk av snøskuter til ettersøking etter sakna sau i område som vist på kart. Dette i medhald av Forskrift for bruk av motorkjøretøyer i utmark og på islagte vassdrag § 6, og uttale frå Mattilsynet. Løyvet gjeld for intill 2 skuterar. Det skal nyttast registrerte skuterar med korrekt kjennemerke. Før køyring skal løyvehavar innhente samtykke frå alle grunneigarar. Køyringa skal skje så skånsamt som mogleg av omsyn til vilt, natur, friluftsliv, hytter og bustader. Køyringa skal reduserast til eit minimum. Vedtak om løyve skal vere med ved transport. Trasé for køyring er som på kart skisse. Løyvet gjeld: Til og med 31.12.2025.

Bakgrunn

Bitdal sankelag har ringt i dag 22.12.2025 om løyve for bruk av skuter til ettersøk av sakna sau i område vist på kart. Fann 5 sau i går i dårleg forfatning.

Vurdering

Det er søkt om bruk av skuter til ettersøk av sakna sau av Bitdal sankelag. Løyve til køyring i dette område vert behandla som dispensasjons sak. §6. I unntakstilfelle kan kommunen etter søknad gi tillatelse til kjøring utover § 2–§ 5, dersom søkeren påviser et særlig behov som ikke knytter seg til turkjøring, og som ikke kan dekkes på annen måte. Før eventuell tillatelse gis, skal transportbehovet vurderes mot mulige skader og ulemper i forhold til et mål om å redusere motorferdselen til et minimum.

Etter uttale frå Mattilsynet ved Pia Paulsen 18.12.2023 forrige gong dei søkte, med tanke på dyrevelferd, vert det gjeve løyve til dette formål, fram til 1.01.2026. År om anna blir det funne att sauer utpå vinteren, jamvel òg på våren. Det vil vera ein fordel at dyreeigaren får bruke snøscooter dersom han meiner det vantar sau som framleis er i live. På denne måten kan han nå over eit større område på kortare tid. Ei anna sak er kor mykje arbeid han har lagt ned i saueleitinga i haust og kor tid han starta opp sankinga. Det er noko som ev. Mattilsynet må følgje opp overfor dyreeigar.

Dokument i saka

- Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag (motorferdsellova)
- Forskrift for bruk av motorkjøretøyer i utmark og på islagte vassdrag
- Retningslinjer for handsaming av søknader etter motorferdselslova
- vedteke i kommunestyret 15.12.2016, sak 2016/119

Med helsing

Kjell Christenson

konsulent
Kultur, næring og fritid

Brevet er sendt elektronisk og har difor ingen signatur.

Vedlegg

1 Dispensasjon

Mottakarar:

BITDAL BEITALAG

Kopi til:

MATTILSYNET LOKASJON SELJORD

I tråd med formannskapsvedtak 04.09.2025, skal ein ved utskriving av løyve til motorferdsel i utmark fakturere løyvehavar kr 315,- for kostnadar knytt til utskriving av løyvet. Faktura blir ettersendt.

Informasjon om retten til å klage

Jf. forvaltningslova § 28, kan du klage på vedtaket. Klagefristen er tre veker rekna frå den dagen då brevet kom fram til mottakar. Det er nok at klaga er postlagd før fristen går ut.

Klaga sender du skriftleg til Vinje kommune. Skriv kva for vedtak det klagast over, den eller dei endringane som er ynskjeleg og dei årsaker du vil gje for klaga. Dersom du klager så seint at det kan vere uklart for oss om du har klaga i rett tid, blir du beden om å gje opp dato då denne meldinga kom fram.

